

Styremøte halde i Hammersvik søndag 8.5. 2011 kl. 18.00 – 19.00.

Frammøte: Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Atle Nøstdal og Terje Hovden.

Nr.	Sak / aksjon / frist	Ansvarleg
Info	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Terje las gjennom referat frå møte mellom kommunen, Fylkesmannen / Landbruksavdelinga (FMLA) og Aardalens Venner 29.4.2011. Til stades på møtet var Jan og Kaare for AaV. Gunn Sande som eigar av beitedyr. Referatet vedlagt. ▪ Medlemmar 2011: Oppe i 57 medlemmar / to firmamedlemskap. Jan vil «purre» nokre av dei som vi endå håpar kan bli medlemmar 2011 ▪ Pr. dato ca. kr 32.500,- på konto ▪ Vi har ikkje fått godtgjersle frå FMYLA for dugnadsarbeid 2010. Jan tok dette opp på møtet 29.4. - Trond Folkestad skulle sjå på det ▪ Litt diskusjon om farge på vindauge og våningshus i Årdalen. Vindauga skal målast kvite, farge på våningshus blir å komme tilbake til etter å ha sjekka gamle bilder etc. 	
1	<p>Arbeid på våningshuset</p> <p>På møtet referert til innleiingsvis har vi fått vite at kr 120.000,- av attståande SMIL-midlar skal vi tildelt til vøling av våningshuset. Totalt har vi då til rådvelde <u>kr 150. - 160.000,-</u> i 2011 (inkl. midlar for skjøtsel / dugnad).</p> <p>Dette gjer at vi kan tenkje på å setje inn dei allereie produserte vindauga og legge om kledning m.v. FMLA set som krav for utbetaling at vi lagar eit budsjett for arbeidet.</p> <p>Det var diskutert om det var mulig å få tak i snikkar som kunne ta på seg dette arbeidet. Det er ikkje realistisk å gjere dette arbeidet på dugnad i tillegg til sløttearbeid / skjøtsel. Måling av huset er meir realistisk å ta på dugnad.</p> <p>Det var semje om å høyre med Magnar Osmundsvåg om han kunne tenkje seg å ta på seg dette arbeidet. Etter møtet forsøkte Terje å kontakte Magnar, men han var offshore. Han må ev. spørjast når han kjem i land.</p> <p>Tanken var at snikkaren skulle bli med på synfaring og planlegge kva vi treng av ny kledning, lister, utforingar etc. for å gjere huset ferdig utvendig.</p>	
2	<p>Kjøp av kraftig kantklippar</p> <p>Tanken om å brenne gammalt gras og einstape tidleg i vår «skar» seg. Seinare har kraftig nedbør hindra avsviing.</p> <p>Det er behov for ein litt kraftig kantklippar til å rydde under elektriskgjerdar og ikkje minst å kutte einstape i vekst over grashøgde. Til dette føremålet er ein kantklippar ideell, fordi stilken blir slegen av og ikkje skoren. Veksten blir då hemma og graset kan få overtaket.</p> <p>På denne bakgrunn bør vi kjøpe inn ein kraftig kantklippar med bensinmotor.</p>	
3	<p>Naustet på Rydjajorda treng vedlikehald</p> <p>Det er registrert at naustet på Rydjajorda har rotskader og bør ha tilsyn. Er dette noko for grunneigarane?</p>	

8.5.2011
th

Referat frå møte på kommunehuset 29.4.2011 kl. 09.00 - 10.30 mellom Selje kommune (Kristian Nave), Fylkesmannen / Landbruksavd. v/ Truls Hansen Folkestad og Aardalens Venner v/ Jan Hammersvik og Kaare Aardal. Gunn Sande var og til stades (eigar av beitedyr).

Referatet er skrive av Kristian Nave.

- Jan Hammersvik orienterte om aktiviteten i Årdalen siste året.
 - Det var orientert om skjøtselsplan og kva arbeid som vart prioritert i år.
 - FMLA - bede om at LR (ev. LK - landbrukskontoret?) arrangerer eit slåttekurs - skjøtsel av slåttemark og kunnskap om uønska artar.
- Også hogstkurs i Hoddevik - molo - sag og ryddedag
- Avtalen i Årdalen - gjerdehald / slått / beiting
 - Brenning - Rydjajorda - inngjerda område
 - Bygningar - avslag på søknad til Norsk Kulturminnefond
 - Jan Hammersvik var skuffa over Fylkeskommunen si støtte ang. Årdalen
 - Aardalens Venner har fått kr 120.000,- i SMIL og avslag frå Kulturminnefondet.
 - I tillegg kan det løyvast til restaurering - avtale / pengar i «Utvalde kulturlandskap» (UL).
 - FMLA tek kontakt med Kulturminnefondet for å få grunngjeving for avslaget med tanke på å sende ny søknad.
 - Våningshuset - viktig for å skape interesse for prosjektet
 - Kommunen kan bidra til interesse ved å nemne det - bruke det i prosjektet
 - Aardalens Venner - legg planer for bruk av bygningar for å skape interesse
 - UK kan også bruke midlar på næringsutvikling (f.eks. overnatting)
 - Kan området Årdal - Skårbø - Liset samarbeide for å skape næring? Rundturar? Guida turar? Skilting? Teltplass?
 - UK kan ev. bidra med midlar
 - Åradalen - Liberrmannen vest for Rydjajorda
 - Næringsapp. Selja og Stad - potensialet for aktivitet - tilrettelegging - samarbeid

(Tolka etter beste skjøn frå handskrive notat)

8.5.2011 th